

Framlegg til endring av valordninga ved norske val, på bakgrunn av NOU 2020: 6, av Vidar Sætre, Åstveitveien 3, 5106 Øvre Ervik, tlf 920 68 683.

1. AREALTILLEGGET BØR UTVIDAST OG STYRKJAST

Desverre føreslår eit fleirtal av utvalet som har laga NOU 2020: 6, å fjerna arealtillegget, som etter dagens ordning utgjer 1,8 * arealet i valdistriktet målt i kvadratkilometer. Men eg meiner desse, i selskap med Venezia-kommisjonen og OSSE, manglar forståing for at arealet er ein grunnleggjande realkapital, fordi areal er viktig for å kunna produsera råvarer av ulike slag. Ja, arealet i seg sjølv er ein ressurs for all arealkrevande verksemd.

Konkrete døme:

- skog- og jordbruksareal,
- oppdrettsanlegg og andre fiskerike sjøområde,
- areal til gruvedrift med avfallsdeponi, både på land og under/i fjordar eller havet,
- flyplassar, t.d. hovudflyplassen for Oslo-området som ikkje i Oslo valdistrikt men i nabo-distriktet. Dette fordi Oslo valkrins sjølv ikkje har funne arealressursar til føremålet i sitt eige valdistrikt.
- vindmølle-område
- regulerte vassdrag inkludert vasskraftmagasin
- nærings- og lagerområde
- skytefelt
- hyttefelt
- andre fritids- og feriemål der mange av brukarane/eigarane av areala bur i eit anna valdistrikt.

Vidare inneber større areal også lengre avstandar, m.a. auka kostnader til infrastruktur og meir tidsbruk når ein skal reisa.

NB! også sjøarealet representerer ein viktig ressurs. Og Noreg sine to mest inntektsbringande næringar den siste generasjonen: olje- og gassnæringa og fiskeri- og havbruksnæringa, er begge grunnlagt på råvarer i eller under sjøvolumet. Men likevel er det kun det innanlandske sjøarealet (elvar og innsjøar) som får telja med i den noverande valordninga.

Fjord- og kystarealet er også viktige ferdselsårer som på fleire måtar krev meir ressursar for å kryssa enn for å kryssa ein tilsvarande distanse på land. For både bruer og undersjøiske tunellar kostar meir å byggja og er dyrare å drifta og vedlikehalda pr løpemeter, enn tunellar på land. Og båtar og ferjer brukar helst lengre tid enn bane og bil på land, om enn me slepp byggja særleg med infrastruktur for å ferdast på sjøen.

Og me treng altso areal for å produsera vanlege forbruksvarer; mat, klede, møblar og byggjeverar m.m. Areal er kort sagt ein viktig ressurs for samfunnet, som gjev grunnlag for lokal næring og dermed også lokale inntektskjelder.

Vidare er også havet utsett for forureining, noko den siste tids oppdaging av dei store plastmengdene på sjøen, har fått fram på ein ekstra tydeleg måte. Men også forureining på land krev forvaltningsressursar for å kunna handtera. Eit valdistrikt som har store arealressursar – til sjøs og/eller på land, får slik ekstra utfordringar med forvaltninga av naturen.

Å fjerna arealtillegget gjev slik ei valordning meir på forbrukarane/konsumentane sine enn på produsentane sine premisser. Med ei slik valordning blir arealet - som den grunnleggjande realkapitalen dette er, verdsett lik null, og produsentane får dermed ikkje verdsett dei areala som er nødvendige for vareproduksjonen.

Også i eit sentrum/periferi-perspektiv vil ei valordning som likestiller byar og arealrike periferiområde, støtta opp under ei samfunnsordning der makta i for stor grad hamnar i byane. For høgare utdanning og forskning dreg store delar av ungdommen frå landsbygda til byane, og mange av desse forblir i byane grunna arbeidsplassar som kun finst i tettbygde strok som desse har utdanna seg til. Dette gjeld ikkje minst høgare utdanning med sine spesialistkompetansar som normalt betyr arbeid kun i dei største byane.

I det heile ser eg ei langt på veg sjølvforsterkande sentralisering i Noreg, grunna opphoping av både høgt utdanna personar og finanskapital i dei folketette områda, og ei tilhøyrande relativ tapping av ressusterke miljø i periferien.

Med dette prøver eg å visa at arealet må spela ei stor rolle i fordelinga av stortingsplassane mellom landsdelane. Særleg fordi arealet etter dagens valordning gradvis får mindre og mindre betydning når folketalet gradvis veks. Me bør difor 'indeksregulera' arealfaktoren slik at den held tritt med folketalet.

Reint ideologisk er det altso viktig å sjå at folkevalde, i tillegg til å representera folket i sitt valdistrikt, også skal representera natur-ressursane og -verdiane i dette valdistriktet. Me er heilt avhengige av naturen, og difor bør makta over naturverdiane også hamna so nært som råd dei områda der naturverdiane ligg.

Eg er altso grunnleggjande usamd også med den førre utgreiinga av valordninga (NOU 2001: 3) i veredisynet at arealet i seg sjølv ikkje skal ha eigenverdi. Ovanfor har eg argumentert for kvifor arealet må tilleggjast ein eigenverdi, og at nettopp ei slik verdsetjing er nøkkelen til å forstå den djupe sentrum/periferi-konflikten.

OBS: Heldigvis har **Island** (kapittel 5.2.5 i utvalsrapporten) vald ei ordning som gjev klart færre røyster pr mandat i dei 3 periferi-distrikta enn i dei 3 valdistrikta i hovudstadsområdet.

Og den islandske og den norske demografien liknar på kvarandre; ved svært ulik folketettleik mellom dei mest folketette områda pdes og store utkantområde pdas, og hovudstadsområdet i eit hjørna av landet. Og Noreg har dessutan svært stor avstand mellom ytterkantane sine. No har òg Sverige, Finland, Storbritannia, Italia, Frankrike og

Spania, stor avstand frå eine kanten av landet til den andre, men særleg i dei 4 sistnevnte og elles i Europa er busetnaden jamnare fordelt i landet.

Elles vil fjerninga av arealtillegget gjera da mindre sannsynleg å få nynorskskrivande stortingsrepresentantar. For nynorskbrukarane held helst til i forholdsvis folketynne område i Sør-Noreg. Venezia-kommisjonen som rapporten viser mykje til, har faktisk eit punkt om å kunna gje minoriterar (dariblant sjølvstøtt språklege minoritetar) ekstra representasjon. Men istadenfor å laga ei lappeteppe-ordning av ulike prinsipp, vil prinsippet om å gje arealet eigenverdi heldigvis bidra til å gjera ein eigen nynorskbrukar-representasjon heilt overflødig.

Til slutt repeterer eg at Noreg har ei svært lang kystlinje, med sjøen som eit viktig næringsgrunnlag i store delar av periferi-Noreg. Difor er det urettferdig at innsjøar og innanlandske vassdrag får bidra med sitt areal i valordninga – men ikkje kystområda inkludert dei mange og store norske saltvassfjordane, som òg representerer reisehindringar.

Men kor mykje skal arealet vektleggjast i høve til folketalet?

Eg vil la 1/1-2004 som danna det første folketalsgrunnlaget for noverande valordning, vera basistidspunkt for den nevnte indeksreguleringa – for at vektfordelinga mellom arealet og folketalet skal vera konstant. Med dagens ordning utgjorde arealbidraget 1/1-2004 omlag 11,3 % av fordelingsgrunnlaget, og med mi ordning ville arealbidraget utgjort omlag 15,6 %.

Og i perioden 1/1-04 til 1/1-20 har folketalet auka med 17,3 %, slik at arealbidraget for eitt år sia var redusert til 9,8 % av samla fordelingsgrunnlag. Og fram til 2100 viss den siste MMM-prognosen slår til, vil folketalet vera 6,25 mill og arealbidraget redusert til 8,5 %. Men kun 5,9 % viss HHH-alternativet på 9,29 mill i 2100 vert røyndom.

For å motverka ei slik utarming av arealbidraget, føreslår eg å indeksregulera arealfaktoren i tråd med endringa i folketalet. Og ut frå verdien 1,8 i basistidspunktet 1/1-04 og 17,3 % folkevekst fram til 1/1-20, ville dette resulterte i ein arealfaktor på sirka 2,11 for eitt år sia.

Inkludering av også fjord- og kystareala gjev kring 45 % større areal å rekna ut frå (land- og innsjø/vassdragsarealet er på sirka 323,8 mill km², medan indre farvatn og territorialfarvatnet ved kysten er på sirka 145,5 mill km²), og viss desse sjøområda hadde vore inkludert i 2004, ville arealbidraget utgjort omkring 15,6 %, mot 11,3 % utan. Mitt framlegg om å både indeksregulera arealfaktoren og å utvida arealet til også å inkludera indre farvatn og territorialfarvatnet, medfører m.a.o. ein konstant andel på sirka 15,6 % for arealbidraget – som tilsvarar sirka 26,3 stortingsrepresentantar, og i so fall 142,7 stortingsrepresentantar fordelte på grunnlag av folketalet.

Dette vektforholdet meiner eg er rettferdig. Og skilnaden mellom mi ordning og ei ordning utan arealbidrag, gjev forholdsvis små utslag for dei folketette valdistrikta, men til dels svært store utslag for dei mest folketynne distrikta. Difor vil eg minna om dei store skilnadane i folketettleiken i Noreg – alle tala nedanfor viser tal på innbyggjarar pr innanlands kvadratkilometer 1/1-20 i dagens valdistrikt:

Østfold 74,8 – Akershus 119,1 – Oslo 1527,1 – Hedmark 7,2 – Oppland 7,0 – Buskerud 17,9 – Vestfold 113,5 – Telemark 11,3 – Aust-Agder 12,9 – Vest-Agder 26,0 – Rogaland 51,2 –

Hordaland 34,2 – Sogn og Fjordane 5,9 – Møre og Romsdal 18,5 – Sør-Trøndelag 16,5 – Nord-Trøndelag 6,1 – Nordland 6,3 – Troms 6,4 – Finnmark 1,55.

2. EIN SPESIFIKK KOMMENTAR TIL UTVALSFLEIRTALET SIN ARGUMENTASJON FOR Å VRAKA DAGENS ORDNING MED AREALBIDRAG.

Ovanfor argumenterte eg positivt for den ordninga eg vil ha. Men her vil eg påpeika veikskapane med utvalsfleirtalet sin argumentasjon for å føretrekkja ei anna ordning, der særleg omsynet til politisk breidd (dvs at alle valkrinsar skal ha eit minstetal representantar) er vektlagd.

Og dette omsynet har ført til eit svært inkonsistent prinsipp: om at kvart distrikt skal få eitt mandat uavhengig av innbyggjartalet (avsnitt 5.4.5.3), for å overføra mandat frå dei største til dei minste valdistrikta. Men ideologane bak dette prinsippet ser ikkje at storleiken på valkrinsane strengt tatt ikkje er relevant i drøftinga av distriktstillegg. For verken Agder eller Trøndeleg sin trong for distriktstillegg har endra seg med fylkessamanslåinga; det same òg for dei andre samanslåtte fylka. Difor har utvalsmedlem Holmås heilt rett i si påpeiking av at me ikkje må velja ei ordning som motiverer til å ha so små valkrinsar som råd.

No er det sant som utvalet påpeikar; at ei ordning med arealtillegg i seg sjølv ikkje garanterer for å få store nok valkrinsar. Men førebyggjinga mot denne mulege biverknaden, er ganske enkel: å ha rikjeleg store valkrinsar, slik at ikkje noko valdistrikt står i fare for å få færre enn 4 mandatar. Og risikoen for å få for små valdistrikt forsvinn ikkje ved å fjerna arealtillegget – heller tvert om. Jf særleg Finnmark som ved å fjerna arealtillegget får redusert sin pott frå 5 til 2 mandatar.

Meir om storleiken på valkrinsane i neste punkt.

I eit land der storleiken på valdistrikta varierer mellom 4 og 20, og folketettleiken i distrikta varierer frå 1,55 innbyggjar pr kvadratkilometer i Finnmark til 1527 innbyggjarar pr kvadratkilometer i Oslo (jf slutten av førre punkt), blir effekten av å gje kvart enkelt distrikt eitt utjamningsmandat på toppen av å kun ta omsyn til folketalet i fordelinga av dei andre stortingsplassane, i prinsippet ganske tilfeldig. For som sagt byggjer denne metoden på eit ikkje-relevant prinsipp: talet på mandatar i dei ulike valkrinsane – når hovudsaka bør vera å finna ei ordning som tek rett omsyn til sentrum/periferi-motsetnadane.

Elles er utvalsrapporten i stor grad basert på ei forståing av over-representasjon og under-representasjon som eg ikkje deler, grunna den nevnte mangelen på anerkjenning av arealet som ein grunnleggjande realkapital. Utvalet har dessverre fokusert på Gallaghers disproporsjonalitetsmål og ønsket om å få dette so lågt som råd. Men anerkjenning av arealet sin eigenverdi eller ikkje har stor relevans for maktfordelinga mellom sentrum og periferi, og i lys av denne verdivurderinga vil eg prioritera andre kriteriar enn Gallaghers indeks.

3. KOR STORE BØR VALDISTRIKTA VERA?

Noverande struktur i inndelinga; med 8 små krinsar med 4-6 mandatar (Aust-Agder, Sogn- og Fjordane, Finnmark, Nord-Trøndelag, Vest-Agder, Telemark, Troms og Oppland), 7 litt større krinsar med 7-10 mandatar (Vestfold, Hedmark, Møre og Romsdal, Buskerud, Nordland, Østfold og Sør-Trøndelag) og 4 relativt store distrikt med 14-20 mandatar (Rogaland, Hordaland, Akershus og Oslo), gjev skikkeleg politisk breidd kun i dei 4 største distrikta.

Difor meiner eg storleiken bør opp mot nivået på desse 4 største, men pda heller ikkje større enn den største som i dag har 20 mandatar. For større enn 20 gjev etter mitt skjøn ei farleg låg effektiv sperregrensa, på kring 3,5 % eller mindre.

Korvidt dei siste fylkjessamanslåingane er eit argument for større valdistrikt eller ikkje, er derimot meir usikkert, fordi fleire av desse samanslåingane er politisk omstridde. Den framtidige fylkjesstrukturen er på ingen måte avgjort. Men samtidig har samanslåingane av Agder og Trøndelag vore frivillige, og slik har dei siste samanslåingane i alle fall i utgangspunktet bana veg for større valdistrikt.

Utvalet vil anten halda fram med å dela inn etter den gamle fylkjesstrukturen, eller i hovudsak følgja den nye strukturen. No følgjer eg utvalet i å ikkje avvika sterkt frå anten gammal eller ny fylkjesstruktur, men fordi eg trur verken gammal eller ny struktur i det sterkt veksande Oslo-området bør vera den endelege fylkjesstrukturen, føreslår eg ei heilt ny inndeling der, m.a. ved å oppretta eit nytt valdistrikt (og samtidig eit nytt fylkje) bestående av 2 bydelar i Oslo, nordre Øst-Viken og Kongsvinger-området i Hedmark.

Konkret føreslår eg følgjande nye inndeling:

Østfold: gamle Østfold fylke minus Rømskog, men pluss følgjande kommunar i Viken fylke: Vestby, Ås, Frogne, Nordre Follo (før: Ski + Oppegård), Enebakk og Nesodden.

*Folketal 1/1-20: 443 818, land-, elve- og innsjøareal: 4823,49 km², indre farvatn og sjøterritorium: 1006,76 km², samla territorium: 5830,25 km². **

** land- og innsjøarealet frå 2020, sjøarealet elles frå 2010.*

Romerike: Følgjande bydelar i Oslo: Grorud og Stovner, samt nærliggjande område i Lillomarka. Vidare følgjande kommunar i Akershus: Lørenskog, Rælingen, Aurskog-Høland (inkl. gamle Rømskog), Lillestrøm (før: Skedsmo + Fet + Sørumsand), Nittedal, Gjerdrum, Lunner, Nannestad, Hurdal, Eidsvoll, Ullensaker, Nes. Og følgjande kommunar i Innlandet: Sør-Odal, Nord-Odal, Eidskog, Kongsvinger, Grue, Åsnes.

Folketal 1/1-20: 418 390, land-, elve- og innsjøareal: 8881,38 km² = samla territorium (indre farvatn og sjøterritorium = 0). Elles antatt at Oslo si avståing til Romerike utgjer 21,00 km².

Innlandet: Innlandet fylke minus Sør-Odal, Nord-Odal, Eidskog, Kongsvinger, Grue og Åsnes (som eg vil altso overføra til Romerike valdistrikt).

Folketal 1/1-20: 322 714, land-, elve- og innsjøareal: 47492,61 km² = samla territorium (indre farvatn og sjøterritorium = 0).

Oslo: Oslo fylke minus dei områda i dagens Oslo som eg føreslår overført til Romerike valdistrikt.

Folketal 1/1-20: 632 471, land-, elve- og innsjøareal: 433,12 km², indre farvatn og sjøterritorium: 26,67 km², samla territorium: 480,79 km².

Buskerud: Buskerud fylke pluss kommunane Bærum og Asker i Viken fylke.

Folketal 1/1-20: 488 650, land-, elve- og innsjøareal 15489,05 km², indre farvatn og sjøterritorium: 216,84 km², samla territorium: 15705,89 km².

Vestfold og Telemark: noverande Vestfold og Telemark fylke.

Folketal 1/1-20: 419 396, land-, elve- og innsjøareal: 17465,92 km², indre farvatn og sjøterritorium: 2734,65 km², samla territorium: 20200,57 km².

Agder: Agder fylke.

Folketal 1/1-20: 307 231, land-, elve- og innsjøareal: 16434,12 km², indre farvatn og sjøterritorium: 6538,31 km², samla territorium: 22972,43 km².

Rogaland: Rogaland fylke.

Folketal 1/1-20: 479 892, land-, elve- og innsjøareal: 9377,10 km², indre farvatn og territorialfarvatn: 7155,82 km², samla territorium: 16532,92 km².

Hordaland: gamle Hordaland fylke.

Folketal 1/1-20: 528 127, land-, elve- og innsjøareal: 15437,57 km², indre farvatn og territorialfarvatn: 7246,29 km², samla territorium: 22683,86 km².

Nordvestlandet: Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Folketal 1/1-20: 373 642, land-, elve- og innsjøareal: 32789,03 km², indre farvatn og sjøterritorium: 19585,24 km², samla territorium: 52374,27 km².

Trøndelag: Trøndelag fylke.

Folketal 1/1-20: 468 702, land-, elve- og innsjøareal: 42201,60 km², indre farvatn og sjøterritorium: 17465,43 km², samla territorium: 59667,03 km².

Sør-Hålogland: Nordland fylke pluss Tjeldsund (før: Tjeldsund + Skånland), Harstad og Kvæfjord i Troms.

Folketal 1/1-20: 272 994, land-, elve- og innsjøareal: 39481,54 km², indre farvatn og sjøterritorium: 44016,78 km², samla territorium: 83498,32 km².

Nord-Hålogland: Troms og Finnmark minus Tjeldsund, Harstad og Kvæfjord.

Folketal 1/1-20: 211 553, land-, elve- og innsjøareal: 73502,75 km², indre farvatn og sjøterritorium: 39464,06 km², samla territorium: 112966,81 km².

Denne inndelinga gjev 13 valdistrikt med forholdsvis likt tal på representantar. Og i lys av at $13 * 13 = 169$, har eg teke utgangspunkt i at ikkje noko distrikt skal avvika for mykje frå 13 mandatar. Den sterke folkeauken i Akershus og Oslo talar for å oppretta eit nytt valdistrikt i dette området, for å unngå storleikar mykje større enn 13 mandatar.

Eg vil altså oppretta eit nytt valdistrikt/fylke lika nordaust for Oslo – som forutan 2 bydelar i Oslo òg tek noko av dagens Innlandet fylke, for å redusera avstanden mellom ytterpunkta i Innlandet og for å gjera det nye Romerike fylke på storleiksnivå med nye Østfold. Elles vil eg

heller bruka dei gamle fylkjesnamna Østfold og Buskerud istadenfor Viken-namnet. For opphavsnamnet er Vika og ikkje Viken – og dette nye enorme fylkjet overlever neppe neste stortingsperiode.

Difor føretrekkjer eg å friska opp att Østfold og Buskerud (sistnevnte identisk med det føreslegne Vest-Viken) istadenfor å satsa på å identifisera seg med eit namn som manglar historiske røter og som mest har vorte assosiert med eit mislukka kjempefylke.

Elles er mitt andre hovudgrep å slå Sogn og Fjordane i lag med med Møre og Romsdal istadenfor med Hordaland, i lys av føremålet meir jamstore valdistrikt. Dessutan vil eit nytt storfylke bestående av Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal i større grad enn noverande Vestland vil vera eit einsarta fylke, grunna storbyen Bergen si dominerande stilling i Vestland, samanlikna med 3 langt mindre byar (Ålesund, Molde og Kristiansund) i M & R – som er meir på nivå med Førde, Florø, Sogndal og dei andre tettstadane i S & Fj.

Og overføringa av Harstad-distriktet til Nordland valdistrikt er både for å få jamnare mandatstorleik mellom Nordland og Nordkalotten valdistrikt, og for å unngå ei sikksakk-grensa i Andøya-Hinnøya/Harstad-Narvik-området, som faktisk deler dagens Nordland i to.

Elles kan eg ikkje sjå noko vesentleg argument mot å danna valstyre på fylkjesnivå bestående av representantar frå fleire fylke.

4. EIT OVERSETT VIKTIG HISTORISK FAKTA

Utvalsrapporten hevdar fleire plassar at noverande valordning fungerer godt. M.a. i kapittel 5.1 der den bagatelliserer risikoen for styringstillegg med dagens ordning som tok til å gjelda frå og med stortingsvalet i 2005. No har rapporten rett i at risikoen for styringstillegg er størst med svært store parti, men uansett burde den opplysa om at i valet i 2005 fekk Ap – med oppslutnad på 32,7 %, eit styringstillegg på 4 mandatar, på kostnad av eitt til KrF, eitt til Frp og to til Høgre.

Og detta gav som effekt at venstresida (Ap + SV + Sp) vann valet med knappt fleirtal: 85 representantar mot høgresida (H + Frp + KrF + V) sine 84. Medan effekten hadde vore 86 til høgresida (mot 83 til venstresida) viss dei nasjonale røystetala hadde hatt forkjørsrett i fordelinga mellom partia. Her viser eg elles til neste punkt der eg føreslår nettopp denne endringa: å la dei nasjonale røystetala ha forkjørsrett framføre summen av dei distriktsvise røystetala.

I kapittel 5 nevner rapporten at Ap i 2009 fekk eitt styringstilleggs-mandat, men sjølv utan dette ekstra mandatet hadde Ap + SV + Sp likavel fått reint fleirtal (og dermed eit klart mandat til å halda fram i regjering) - i motsetnad til i 2005 der Ap fekk 4 gongar so mange ekstra mandat og effekten vart skifte av fleirtalet i høve til kva som hadde vore resultatet viss dei nasjonale røystetala hadde hatt forkjørsrett. Men denne effekten av dagens valordning i 2005 nevner rapporten ikkje, i alle fall ikkje i kapittel 5 der det hadde vore naturleg.

5. LANDET BØR REKNAST SOM ÉIN VALKRINS FOR Å FÅ RETTFERDIG MANDATFORDELING MELLOM PARTIA

I første kapitlet drøfta eg mandatfordelinga mellom valdistrikta, medan eg i dette kapitlet skal drøfta mandatfordelinga mellom partia. Ut frå min ideologiske basis i punkt 1; at også arealeiningane - i tillegg til kvar enkelt veljar, skal ha ein eigenverdi, bør fordelinga mellom ulike geografiske område og mellom ulike parti/lister vera dei to grunnleggjande elementa i den kombinatoriske oppgåva å sy saman ei god valordning, som altso består i å kombinera geografiske og partipolitiske omsyn på ein mest muleg rettferdig måte.

Men i motsetnad til korleis eg vil vektleggja ulike geografiske område, vil eg vektleggja dei ulike partia sine samla røystetal likt. For skilnaden mellom partia sine ideologiske verdigrunnlag bør vektast høgare enn skilnaden i geografiske område sine ulike karakterar.

So gjev denne kombinasjonen av ulikt tal røyster pr mandat i fordelinga mellom valdistrikta, men like mange røyster pr mandat når me deler mellom partia, ein fordel for kandidatane på periferifylka sine lister samanlikna med kandidatane på dei sentrale fylka sine lister. Men ei slik forskyvning til fordel for periferikandidatar bør me godta.

Men me bør ikkje godta skeivfordelingar mellom partia som har oppstått som følgje av at eitt eller fleire periferisterke parti har fått tildelt fleire direktemandat enn det ordninga med utjamningsmandat kan retta opp i. Me bør altso ikkje godta ei ordning som i praksis gjev periferisterke parti høgare sjanse for styringstillegg enn periferisvake parti.

Difor bør fordelinga mellom partia primært skje ved å rekna landet som éin valkrins, og ikkje som no ved at utjamningsmandata kun blir eit supplement til den direkte fordelinga valkrins for valkrins. Kun ei slik nyordning kan garantera ei rettferdig deling mellom partia, sjølv om også større valkrinsar og/eller høgare sperregrense vil hjelpa mot slike skeivfordelingar.

Men drøftinga av storleiken på valdistrikta og nivået på sperregrensa bør også skje uavhengig av risikoen for skeivfordeling til fordel for periferisterke og store parti.

6-8. KORLEIS FINNA EI ORDNING SOM GJEV STOR POLITISK PROPORSJONALITET – OG MED FÆRRAST MULEG 'BORTKASTA' RØYSTER OG MED EI PASSELEG MENGDE POLITISKE PARTI PÅ STORTINGET?

Her er det fleire viktige omsyn som bør balanserast på best mulege måte; særleg det å leggja til rette for ein optimal partistruktur (verken for mange eller for få parti) og å laga ei ordning slik at færrest muleg veljarar kjenner at ein røystar til fånytte.

6. For sistnevnte føremål føreslår eg HØVE TIL Å RØYSTA SUBSIDIÆRT (OG TÆRTIÆRT) DERSOM FØRSTEVÆLET IKKJE GJEV MANDAT.

Eg vil gje høve til ei 2. røyst og jamvel også ei 3. røyst, for å visa kva parti ein subsidært vil støtta og slik likavel få påverka mandatfordelinga i den retninga ein ønskjer. For det bør vera

eit svært viktig mål å gje alle veljarane kjensla av at ein reelt kan påverka maktbalansen mellom partia utan å måtta svikta det partiet som står ein nærast.

Slik blir det også demokratisk forsvarlegt å ha ein forholdsvis høg terskel for eit parti å få inn mandat, for å minimera risikoen for ein for stor partiflora, jf dei ekstra utfordringane dette gjev for å kunna etablera styringsdugande fleirtal.

Og slik kan ein samtidig gje dei minste partia inkludert nye parti, forholdsvis gode kår - konkret ved å fordela partistøtta på grunnlag av primær-røystene som partiet får, jf dagens ordning med pengestøtte til partia etter kor mange røyster ein har fått i sist val.

Eg vil altso innføra ei ordning som gjev høve til å røysta subsidiært og tærtært. For slik kan me fordela dei 'vekk-kasta' røystene på desse veljarane sine sekundære partipreferansar, slik at mandatfordelinga i størst muleg grad reflekterer i det minste alle veljarane sin nesten-vilje.

Konkret metode: å starta oppteljinga med den lista/det partiet som har fått færrest røyster (antatt at denne grupperinga ikkje har fått noko mandat), og overføra 2. røystene frå desse røystesetlane til sine respektive parti/lister. Deretter, viss det framleis er parti/lister som ikkje har fått noko mandat, overføra 2. evt 3. røystene frå den lista/det partiet som no har færrest røyster, til sine respektive parti/lister. Og slik halda fram inntil det ikkje lenger finst lister/parti som ikkje har fått mandat.

NB: I tråd med framlegget mitt i punkt 5 om å rekna mandatfordelinga primært som om landet er éin valkrins, føreslår eg med denne metoden å telja opp dei ulike partia sine samla nasjonale røystetal (inkludert tilleggsrøystene frå veljarane på dei minste partia sine 2. evt 3. val) – sjølv om denne metoden i prinsippet òg kan brukast i dei enkelte valdistrikta.

For viss ein startar med å fordela mandat valkrins for valkrins - med ulike rekkjeføljer for partia sin storleik; vil røyster på parti A i nokre valkrinsar bli overførte til parti B, men i andre valkrinsar vil røyster på parti B bli overførte til parti A. Og med slike forhold blir det meir innfløkt å rekna ut kor mange stortingsplassar kvart parti skal ha. **Difor bør denne metoden kombinerast med å basera fordelinga mellom partia på å rekna heile landet som éin valkrins.**

7. NIVÅET PÅ SPERREGRENSA OG HØVELEG PARTISTRUKTUR – BØR ME AVVIKLA PARLAMENTARISMEN I SI NOVERANDE FORM?

Dess fleire parti i nasjonalforsamlinga, dess større er risikoen for svekka styring. T.d. når noverande regjering endar opp med å auka utgiftene i statsbudsjettet for å oppnå budsjettfleirtal, grunna store sprik i budsjettønskja frå dei 4 partia som utgjer fleirtalsalliansen.

Men svekka styring som svakare budsjett disiplin skuldast ikkje berre at det er heile 4 parti som må tilfredsstillast, men også vårt noverande parlamentariske system. For dette systemet legg opp til eit tydeleg skilje mellom posisjon og opposisjon, noko som lett kan svekka samarbeidsviljen mellom partia i posisjon og partia i opposisjon.

Alternativt ser eg for meg ei styreform der regjeringa skal bestå av alle parti over ein viss storleik, med tal på statsrådar fordelt proporsjonalt ut frå røystetalet til dei ulike partia. T.d. for sist stortingsval (2017) ville ei regjering med 19 statsrådar bestå av 6 frå Ap, 5 frå Høgre, 3 frå Frp, 2 frå Sp, og 1 kvar frå SV, Venstre og KrF (basert på St. Lagües modifiserte metode og 1,4 som delingstal for å få innvald sin første statsråd).

Dette alternativet kallar eg **samarbeidsparlamentarisme**, i kontrast til noverande system som eg kallar **konkurranseparlamentarisme**. No har eg notert meg utvalet sin argumentasjon i kapittel 5.1.1. for konkurranseparlamentarisme; at veljarane bør vita kven som hatt ansvar for styringa i sist periode, for å kunna velja eit opposisjonsparti i komande val. Men viss alle parti over 3-4 % må vera med å ta ansvar for styringa, kan ingen parti over denne storleiken i neste val lettvent kritisera regjeringspartia for å ha ført ein dårleg politikk.

No ligg ein slik reform utanfor den aktuelle drøftinga av ny valordning, men eg vil i alle fall påpeika at nivået på sperregrensa dels bør vera ein funksjon av samarbeidsklimaet; på den måten at låg sperregrensa krev godt samarbeidsklima for å få tilstrekkeleg liten risiko for styringskriser.

Og ikkje minst vil eg påpeika at små parti lett kan ha for lite ressursar til å kunna delta nyansert i ein del politiske drøftingar – grunna risikoen i relativt små partimiljø for å ha for lite nyansert kunnskap i ein del viktige saker. No får rett nok dei folkevalde økonomisk støtte til å lønna fleire politiske stillingar, men samtidig vil ei slik profesjonalisering bidra til ei lite demokratisk utvikling; av ein liten krins av elitepolitikarar som kun i liten grad har god kontakt med grasrota i sine respektive parti.

Men eg vil samtidig streka under at med ein god partikultur inkludert god organisering kan også småparti vera ganske kunnskapsrike.

Alt i alt er eg skeptisk til å ha lågare sperregrensa enn dagens 4 %, i alle fall med noverande konkurranseparlamentariske kultur. Som hovudgrep for å sikra små grupperingar innflyting, vil eg istaden peika på ei ordning med å kunna røysta subsidiært og tærtært, som eg presenterte i punkt 6 – ei ordning som betre enn noverande ordning òg bidrar til å løfta fram nye parti, fordi taktisk røysting bidrar til å kvela dei minste partia inkludert ferske parti.

7. NY METODE FOR Å FORDELA UTJAMNINGSMANDATA MELLOM VALDISTRIKTA.

Eg meiner dagens ordning med eitt utjamningsmandat pr valkrins uavhengig av kor mange mandatar valkrinsen skal ha, bør endrast - fordi andelen av samla mandatpott som no går til utjamning, er mykje større i dei mindre valdistrikta enn i dei største; 25 % i Sogn og Fjordane og Aust-Agder mot 5 % i Oslo. Me bør istaden bruka ein metode som inneber so lik andel som råd til utjamning i alle valdistrikta.

Og eg vil bruka ein eksisterande metode for fordeling mellom partia for å finna fordelinga mellom valdistrikta, dvs:

Å ta utgangspunkt i valdistrikta sine 'distriktsverdiar' (= folketallet + arealbidraget), og å fordela dei 150 første plassane mellom distrikta på same måten som ein fordeler eit visst tal mandatar i eit distrikt på ulike parti i rangsjert rekkjefølja. I dette tilfellet er talet på mandatar til fordeling i første omgang 150, og denne kvoten skal gå til faste plassar i dei ulike valdistrikta. Og dei neste 19 rangsjerte plassane vera utjamningsmandatar.

Konkret for komande stortingsval hausten 2021, ville denne metoden ført til at 15 av 19 valkrinsar framleis ville fått eitt utjamningsmandat, men 4 valkrinsar ville anten fått 0 eller 2 utjamningsmandatar: Oppland og Sogn og Fjordane ville fått alle sine mandatar som direktemandatar (hhv 6 og 4) medan Oslo og Hordaland ville fått 2 utjamningsmandatar kvar, og følgjeleg 1 mindre direktemandat enn med dagens ordning (hhv 18 og 14 direktemandatar).

Eg er altså svært usamd med utvalet som i det heile har vurdert å gje også dei minste valdistrikta 2 utjamningsmandatar. I kontrast føreslår eg altså ordninga som presentert ovanfor, som kan føra til at dei minste distrikta får 1 ekstra direktemandat men ingen utjamningsmandat, og at dei største distrikta risikerer å få 1 mindre direktemandat men 1 ekstra utjamningsmandat. Dette som sagt for å få ein so jamn andel som råd mellom distrikta til hhv direktemandat og utjamningsmandat.

8. BØR VALDELTAKINGA PÅVERKA MANDATFORDELINGA MELLOM DISTRIKTA?

I Noreg har det vore stor skilnad mellom valdistrikta i røysteandelen; der typisk Finnmark (saman med Nordland, Troms, Østfold, Hedmark, Oppland og Telemark) har hatt lågast røysteandel og Akershus (i lag med Hordaland, Oslo, Sør-Trøndelag og Rogaland) høgast røysteandel. Og ulik valdeltaking meiner eg må få følgjer for mandatfordelinga – på dette området meiner også eg argumentet om at alle røyster skal telja likt, har mykje for seg.

Eg føreslår altså at stor valdeltaking skal premierast og låg valdeltaking straffast – NB: blanke og forkasta røyster må telja positivt med, for å unngå at veljarane føler seg pressa til å røysta på eit parti!

Og konkret vil eg justera grunnlaget for mandatfordelinga ved å justera med valkrinsane si relative valdeltaking i høve til den midlare valdeltakinga – som i sist stortingsval varierte mellom Finnmark si relative deltaking på 0,9283346 til Akershus si relative deltaking på 1,0385914.

Viss denne regelen hadde vore innført ved sist stortingsval, ville Akershus fått eitt ekstra mandat på kostnad av Østfold. Og i so fall ville Rasmus Hansson frå Mdg fått det ekstra direktemandatet i Akershus, og Frp ville mist sitt 2. direktemandat i Østfold. Men Frp ville fått dette att som Østfold sitt utjamningsmandat, slik at SV og Freddy André Øvstegård ville tapt utjamningsmandatet i Østfold.

Og med eitt ekstra Mdg-mandat ville KrF mist sitt siste mandat – konkret Tore Storehaug frå Sogn og Fjordane. Og sidan SV totalt ikkje skulle missa noko mandat, ville dette medført at SV og Vibeke Johnsen istaden ville fått Sogn og Fjordane sitt utjamningsmandat.

Og viss deltakingsprosenten i alle valkrinsane (NB: litt justerte valkrinsar samanlikna med sist stortingsval) ved valet til hausten hadde vore den same som i 2017, ville Akershus på ny ha vunne eitt ekstra mandat, og Østfold tapt eitt mandat. Men også Finnmark ville no tapt eit mandat – og Sør-Trøndelag vunne ein ekstra stortingsplass.

9. NY METODE FOR Å FORDELA DEI 150 FASTE STORTINGSPLASSANE

Ei ordning med subsidiære røyster (jf kapittel 6) medfører ei ny matematisk utfordring, fordi den krev ein eigna formel som gjev grunnlag for ei eintydig rangsjering av kandidatane frå ulike parti, valdistrikt og ulike listeplasseringar. No har me allereie i dag eit grunnlag for ei slik rangsjering - i formelen for rangsjeringa av utjamningsmandata mellom ulike parti og fylke, som konkret er ein funksjon av fylka sine tal på direktemandatar multiplisert med partia sine prosentvise røystetal i fylka – forutan St. Lagües metode fordi me òg må ta omsyn til kandidatplasseringa internt på listene.

Metoden som eg føreslår for å fordela dei faste stortingsplassane mellom ulike listekandidatar frå ulike parti, går først ut på å

a) multiplisera ‘distriktsverdien’ for det aktuelle valdistriktet med dei ulike listene sine prosentvise oppslutningar i alle valkrinsane, der distriktsverdien (som i punkt 7) er lik folketalet + arealbidraget.

b) slik får alle listene i dei ulike distrikta kvar sin ‘listeverdi’.

c) Vidare må me modifisera mellom dei ulike rangsjerte listekandidatane, etter St. Lagües modifiserte metode: for nr 1 på lista skal den prosentvise oppslutninga dividerast med 1,4, for nr 2 på lista skal oppslutninga dividerast på 3, for nr 3 på lista skal oppslutnaden dividerast på 5, osv. **Slik får alle kandidatane (på alle listene i alle valkrinsane) kvar sine ‘kandidatpoeng’.**

d) Og slik får me eit grunnlag for å rangsjera alle kandidatane på dei ulike listene i dei ulike valkrinsane.

e) Ut frå dette går min føreslegne metode ut på følgjande: å først la dei 150 kandidatane som har høgast kandidatpoeng, bli faste representantar. Og dei 19 neste rangsjerte kandidatane få utjamningsmandata, under føresetnad av at ein representerer eit parti som har klart sperregrensa.

Éin grunn for ein sopass innfløkt metode, er å sikra at lister som Aune-lista (‘Framtid for Finnmark’) i 1989 hadde gjeve mandat. For den lista fekk kun 0,33 % av dei nasjonale røystene og ikkje kome inn viss me hadde hatt den ordninga som eg føreslår i punkt 5: å rekna landet primært som éin valkrins. Dette sjølv om me ikkje hadde hatt noka sperregrensa.

Men sidan Aune-lista gav 21,5 % i Finnmark, meiner eg slike tilfelle bør gje mandat. No trur eg det helst kun er Finnmark med sin eineståande låge folketettleik som får slike tilfelle med svært høg lokal oppslutnad. Men ved å operera med ein ‘distriktsverdi’ som også tek omsyn

til arealet, får me ein metode for å justera opp røystetala i folketytne valdistrikt samanlikna med dei meir folketette valdistrikta. Og denne metoden meiner eg er rettferdig m.a. for å gje lokale lister av typen 'Framtid for Finnmark' ein rimeleg sjangse til å bli representerte på Stortinget.

Og generelt ser eg denne metoden som eigna for å gje passeleg rom for kandidatar på parti som kjem under sperregrensa (altså viss desse blir rangsjert blant dei 150 første kandidatane, medan dei siste 19 plassane kun skal gå til kandidatar frå parti som kjem over sperregrensa).

f) I tillegg kan kandidatane sine kandidatpoeng justerast også på grunnlag av valdeltakinga (jf kapittel 8), konkret ved å justera med den relative valdeltakina i distriktet i høve til den midlare nasjonale valdeltakinga.

10. BØR ME INNFØRA EI ORDNING DER PERSONRØYSTER GJER REELL SJANGSE FOR Å ENDRA KANDIATREKKJEFØLJA?

Om detta har eg ikkje sterke meiningar, men i fall det er ønskje om å innføra ei slik ordning, føreslår eg å bruka ein modifisert d'Hondts metode som matematisk formel for kandidatane sine ulike utgangspunkt:

1. kandidat: inga modifisering av partirøystetalet R ,
2. kandidat: $R/1,1$,
3. kandidat: $R/1,2$,

osb

Dette betyr at 3. kandidaten må ha $R/1,1 - R/1,2$ fleire personrøyster enn 2. kandidaten for å koma likt med 2. kandidaten.

11. BØR VAL TIL KOMMUNESTYRE OG FYLKJESKOMMUNAR KUNNA FØREGÅ MED FLEIRE INTERNE VALKRINSAR?

Eg noterer meg at utvalet er klart negativ til detta. Men viss risikoen for at inndeling i valkrinsar medfører ein vesentleg risiko for oppsmuldring av kommunen eller fylkjet, må vel ordninga med inndeling av valkrinsar ved val til Stortinget også gje ein farleg stor risiko for oppsmuldring av Noreg som eitt rike. Men eg har ikkje registert at nokon ser ein slik fare trass i ordninga med ulike valkrinsar når det skal veljast til Stortinget. Difor trur eg den påståtte risikoen for at inndeling i valkrinsar ved kommune- eller fylkjestingsval er overdriven.

12. PARTI SOM ALT HAR INNE REPRESENTANTAR, BØR SLEPPA Å LEVERA UNDERSKRIFTER

Ved fylkjestingsvalet i Troms og Finnmark i 2019 måtte Kystpartiet samla underskrifter trass i at partiet alt hadde ein representant i Finnmark fylkesting frå sist periode. Og partiet klarte ikkje å samla tilstrekkeleg mange underskrifter. Grunnen til at Kp måtte samla underskrifter, var nasjonal oppslutnad mindre enn 5000 røyster i stortingsvalet i 2017.

Men eg meiner det er urettferdig å la oppslutnaden i ein type val få følgjer for kva som krevst for at same parti kan få stilla lister i ein annan type val. Og spesielt om eit parti alt har inne representantar i eit visst folkevald organ – òg i tilfelle det gamle folkevalde organet blir slått i hop med eit anna folkevald organ av same type, bør det sleppa krav om å levera underskrifter på ny.

13. ORDET 'DISTRIKTSMANDAT' BØR ERSTATTAST MED 'DIREKTEMANDAT' NÅR DET ER SNAKK OM UTJAMNING, DER GRUNNLOVA I DAG SKIL MELLOM 'DISTRIKTSMANDAT' OG 'UTJAMNINGSMANDAT'. For også utjamningsmandat er distriktsmandat, sakleg sett.